



# Prop. 109 S

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2024 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar)

*Tilråding frå Helse- og omsorgsdepartementet 7. juni 2024,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar

#### 1.1 Innleiing

Helse- og omsorgsdepartementet gjer med dette framlegg om at departementet får fullmakt til å gjere endringar i basistilskot, driftstilskot og folketrygdrefusjonar for legehjelp, psykologhjelp og fysioterapi frå den datoén det er mogeleg å fastsette endringar. Endringane for legehjelp og psykologhjelp blir gjort på grunnlag av forhandlingar med Den norske legeforening og Norsk Psykologforening. Endringane for fysioterapi blir gjort på grunnlag av forhandlingar med dei tre fysioterapeutorganisasjonane Norsk Fysioterapeutforbund, Norsk Manuellterapeutforening og Privatpraktiserende Fysioterapeuters Forbund. Endringar i refusjonstakstane blir fastsett i forskrifter. Forhandlingane med dei nemnde organisasjonane vart brote grunna brot i meklinga mellom staten og Akademikerne og UNIO og påfølgjande streik. Det er inga kontakt mellom dei streikande partane og staten så lenge streiken varer.

Regjeringa vil kome attende til Stortinget med framlegg om eventuelle løvvingsendringar.

#### 1.2 Fastsetting av basistilskot, driftstilskot og takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar

Basistilskot, driftstilskot og takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar blir fastsett for perioden 1. juli til 30. juni påfølgjande år.

Forhandlingane med Den norske legeforening og staten, KS og dei regionale helseføretaka om basistilskot, driftstilskot og takstar for tidsrommet 1. juli 2024–30. juni 2025 tok til 13. mai 2024. Forhandlingane mellom fysioterapeutorganisasjonane og staten og KS om driftstilskot og takstar starta 14. mai. Forhandlingane om driftstilskot og takstar mellom Norsk Psykologforening og staten og dei regionale føretaka starta 21. mai. Alle desse forhandlingane er forseinka som følgje av den nemnde streiken, og det er derfor usikkert kva tid endringar som følgje av forhandlingane kan settast i verk. Endringane vil settast i verk 1. juli eller så snart det er mogleg etter denne datoén.

Spørsmålet om eventuelle endringar i utgiftene til kommunar, regionale helseføretak og folketrygda frå 1. juli eller seinare på bakgrunn av forhandlingane med Den norske legeforening, Norsk Psykologforening og fysioterapeutorgani-

Endringar i statsbudsjettet 2024 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar)

sasjonane eller ev. anna prosess for fastsetting av tilskot og takstar, kan ikkje leggjast fram for Stortinget til handsaming i vårsesjonen. Regjeringa gjer derfor framlegg om at det blir gitt fullmakt til å gjere endringar i budsjetta til dei regionale helseføretaka, trygderefusjonane og løyvingane til kommunane som følgje av resultatet av forhandlingane, samt endra forskrifter. Løyvingssakene vil bli lagt fram for Stortinget seinare.

Helse- og omsorgsdepartementet

**t i l r å r :**

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2024 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar).

---

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

**s t a d f e s t e r :**

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2024 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## **Forslag**

### **til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2024 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar)**

I

Stortinget samtykker i at Helse- og omsorgsdepartementet får fullmakt til å gjere endringar i løyvingane til dei regionale helseføretaka, kommunane og trygderefusjonane for legehjelp, psykologhjelp og fysioterapi. Endringane vil bli gjort på bakgrunn av forhandlingane med Den norske legeforening og Norsk Psykologforening og Norsk Fysioterapeutforbund, Norsk Manuellterapeutforening og Privatpraktiserende Fysioterapeuters Forbund.

---

